

## KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

## Sonatar under Stalin

Ei sterk tolking av Prokofjev's fiolinsonatar frå 1940-åra.

## CD

SERGEJ PROKO-  
FJEV:

## Sonatas

ELISE BÄTNES,  
FIOLIN; HÅVARD

GIMSE, KLAVER. LAWO 2016

Nokre av dei hardeste kampane i Aust-Ukraina har stått om den strategisk viktige lufthamna i Donetsk. I dag er ho utbomba – lite er att av det store lysskiltet over terminalbygningen, der det ein gong stod «Donetsk Sergey Prokofiev International Airport» med store, kvite bokstavar. Grunnen til at lufthamna ber namnet til komponisten, er at han kom til verda i ein småby nokre mil nordvest for Donetsk i 1891, den gong del av det russiske imperiet.

## «FORMALIST»

Prokofjev levde i ei skifterik tid i russlandssoga. Etter ti år som student ved St. Peters-

burg-konservatoriet drog han etter oktoberrevolusjonen i 1917 i eksil til Vesten. Der blei han verande til 1934, då han slo seg ned i Moskva. Merkeleg nok opplevde han ein produktivitetstopp i Sovjetsamveldet, sjølv om Stalins repressive kunstpolitikk råka han hardt. I ei fråsegn frå sentralkomiteen til kommunistpartiet blei han nemleg stempla som «formalist»: Prokofjev ansa meir på form enn på innhald i stykka sine, som var skjemde av vestleg avantgarde og var for lite folkelege og sovjetiske, hevda Stalin. Dei to døyde elles same dagen, 5. mars 1953.

## MØRKE FELEAKKORDAR

Fiolinisten Elise Bätnes, fyrste-konsertmester i Oslo-Filharmonien og Noregs mest røynde klaverakkompagnør, Håvard Gimse, kjem no med ei sterk innspeling av Prokofjev's sonatar for dei to instrumenta. I *Sonate for fiolin og klaver nr. 1 i f-moll*, op. 80, som blei til i fyr-



Den sovjetiske komponisten Sergej Prokofjev (1891–1953). Foto: Library of Congress

ste halvdel av 1940-åra, maktar musikkarane å formidla ei uhyggeleg trykkjande kjensle. Bätnes' djupe feleakkordar har mørk kraft i seg, og unisonopartia (der fiolin og klaver spelar same melodien) er både samspela og samtenkte. Særleg den rolege driven i fyrstesatsen «andante assai» kunne knapt vore betre. Jamvel sentralkomiteen må ha vore nøgd med komposisjonen, for året etter urframføringa i 1946 fekk Prokofjev Stalinprisen av fyrste klasse for han.

## SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikkar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.



Det er lite att av Donetsk Sergey Prokofiev International Airport. Dei fyrste fem bokstavane er restane av komponistnamnet «(P)ROK(O)FJEV».



Otis Redding på Whisky A Go Go i 1966. Pressefoto

til den svarte, nordamerikanske bluesen som skapte bandet.

## RASEOPPTØYAR

Redding gjekk på scenen året etter at raseopptøyar hadde rive opp Los Angeles på seinsommeren i 1965. Konsertopptaka frå The Whisky A Go Go er uunn-gæleg ladde av dei omstenda ho kom ut under: Dei dokumenterer ein 24 år gammal Redding i ein klubb med plass til mellom to og tre hundre menneske, ei helg der både Van Morrison og Dylan kom innom, då artisten stod på terskelen til ein kometkarriere. I 1967 skulle konsertar med Cropper og Stax-husbandet gjere Redding verdskjend, på Monterey-festivalen og i Europa, før han brått døydde i ei flyulukke oppunder jul, den 10. desember for femti år sidan neste år.

## INTENST

Men den aprilhelga i 1966 verkar han nesten udøyleg, struttande av ein utomeleg energi, i song etter song, sett etter sett, kveld etter kveld. Ry Cooder, som varma opp for Redding og bandet på fleire konsertar med The Rising Sons, fortalde The Los Angeles Times i eit intervju for nokre år sidan at Redding hadde ein slik intensitet at han trudde han kom til å ende opp med få eit hjarteattakk på scenen. Opptaka på *Live at the Whisky A Go Go. The Complete Recordings* gjer det mogleg å forstå den unge Cooders uro – og er til fryd og glede for nye lyttarar fem tiår seinare.

## ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

## Arkivet: Patti, 70

Vi hevar glaset på kvelden før den siste kvelden i året i ein bursdagsskål for Patti Smith, som vart fødd i Chicago 30. desember 1946 og sjølv skal feire dagen i same by, med konsert på The Riviera Theatre – der skulle vi ha vore, gitt. I staden får vi leite fram tre ugløymelege Patti-augneblinkar:

«Birdland», i eit opptak frå New York-klubben The Bottom Line frå romjula 1975: Her er Smith på høgda som punkesjaman, og, vel, det kan ganske enkelt ikkje verte stort betre enn dette.

«People Have the Power», Sentrum Scene i Oslo, 30. juni, 2013: Eg har høyr Smith på festivalgras, mellom skyskraparar og i konsertsal, men ingenting slår ein klubbkonsert med denne artisten – og det finst ikkje ei sterkare oppmoding til individ og kollektiv om å verte merksam på, og realisere, sin



Patti Smith fyller 70 år 30. desember.

eigen fridom, enn «People Have the Power», ein song som skein denne junikkvelden i Oslo.

«Pale Blue Eyes», på klubben Cellar Door i Washington, DC, ein januarkveld i 1976, der Lou Reeds song får gå over i «Louie Louie» – og flerrande gitariff skarpe nok til å skjere hol i vintermatta.

Grattis, Patti Smith!

## ØYVIND VÅGNES

## Alle fargeregister

## CD

SEBASTIAN  
KNÜPFER:Veni  
Sancte  
SpiritusWESER-RENAISSANCE BREMEN;  
DIR.: MANFRED CORDES. CPO 2016

Sebastian Knüpfer (1633–1676) var ein av J. S. Bachs forgjengjarar som Thomaskantor i Leipzig. I 1657 tok han over denne mest prestisjetunge kantorstillinga i det protestantiske Tyskland, sju år etter at svenskane hadde forlate byen, som dei hadde hærteke under trettiårskrigen. Hundre Knüpfer-stykke har overlevd til vår tid. Dei fem verka som Weser-Renaissance Bremen her tolkar med overtydande elan, syner han som ein barokkomponist med sans for det oververdige. Han dreg

alle fargeregister i instrumenteringa og gjev oss ein idé om dei musikalske ressursane Thomaskyrkja rådde over den gongen. Det toppar seg i siste sporet på plata, i kantaten *Sur-gite populi* à 26, der Knüpfer hylar den oppstadne Kristus med to firestemmige kor, fem trompetar og paukar, tre zinkar, tre trombonar, strykarar, fagott og continuo. Han svider ikkje

av alt krutet i byrjinga, men lét dei ulike instrumentgruppene gå kvar sine «rundar» for dei kjem saman i den massive «halleluja»-finalen. 34 musikkarar har dirigenten Manfred Cordes mobilisert til denne innspelinga, eit mannskap han held imponerende godt styr på.

## SJUR HAGA BRINGELAND



Thomaskyrkja i Leipzig på eit kolorert koparstikk frå 1735. Foto: Wikimedia